



Ein fottur opp til den gamle, nedlagde garden Hustveit, med flott utsikt over dalen mot Lønahorgi og Vossevangen.

A walk to the old and desolated Hustveit farm, with wonderful view of the valley.




Foto: Herheim Foto



Leidal med Tvinnefossen.

Rute og ymse av interesse

Terreng: Traktorveg og tørr sti.
Høgdeskilnad 182 meter

Tid: 1 1/2 - 2 timar

Ta av frå E16 ved Tvinne (1) og inn på sideveg skilta Norheim/Nedkvitne. Etter eit kort stykke på denne vegen og over ei bru og første gardsveg til venstre (2).

Parkering ved (3) og skilt merka Hustveit.

Route and places of interest

Terrain: Footpath, dry, steep, hilly terrain. Elevation: 182 metres

Time: About 1 - 1.5 hours. Length: Total 3.5 km

Turn off road E16 at Tvinne (1) on a side-road sign-posted Norheim/Nedkvitne. After a short distance cross a bridge and take the first farm-road to the left (2). Parking at (3), by the sign-post marked Hustveit.

Then follow the woodland road to the right, along the brook, winding up



Ta så traktorveg opp til høgre langs bekkefar og følg skogsvegen som slyngar seg oppover i skogslia. Følg denne til vegsving med skilt Hustveit (4). Følg stien her ifrå fram til gardshusa (5). Gå varsamt for lia er bratt nedigjennom.

Husa på garden er verneverdige. Besøkande må visa omsyn og ikkje skada anlegget. Vi kjem inn mot løa og gamlestova, går loftet og nyestova forbi. Sagnet seier at ein framleis høyrer gamle Hustveit vandrer rundt i stova, men då må ein sitja på haugen bortom kjøkkenvindauga for å høyra dette.

Garden har ei smie og ein vårflor som ein ser litt lenger borte på bøen. I gamal tid vart det her på garden ofra smør til sola for å blidgjera henne. Nedom løa, på eit skarv kan ein framleis sjå fleire offerholer.

Etter formannskapslovene av 1837 kom den første ordføraren i Voss herad, Daniel Hustvedt, frå denne fjellgarden. Han hadde kontoret sitt i gamlestova, og her ifrå styrde han det meste.

Daniel Hustvedt var ein av forfedrane til ein av Noregs fremste skodespelarar, Lars Tvinde, som vaks opp på garden ved Tvinnefossen.

Då ein seinare eigar, David Hustveit, kom attende frå Amerika på byrjinga av 1950, ga han garden til Voss kommune.

Vi går tilbake same sti og veg som vi kom opp på.

the mountain side. Follow this road to a sign-post marked Hustveit (4). Follow the path from here to the farm houses. Take care, it is quite steep in parts.

The footpath leads you to Hustveit Farm with a wonderful view of the valley below, Afdal, and further down towards Vossevangen. You arrive at the barn and the old farmhouse side, and pass the hayloft and the new farmhouse.

The story has it that if you sit on the mound near the kitchen window of the old farmhouse, you can sometimes hear the long dead Farmer Hustveit rustling around in his kitchen.

The farm has a blacksmiths shop and a spring manger which you can see further out in the pasture. Butter was offered to the sun in the old days to gain her blessings and good fortune. In a rock outcrop near the barn you can still see several sacrificial holes.

The first Mayor of Voss came from Hustveit Farm. His office was in the old farmhouse and he performed his duties from here. Lars Hustveit was the last resident at the farm. When David Hustveit came back from the states in the early fifties, he made a gift of the farm to Voss.

Return by the same footpath and the woodland road.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.